

Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse:

Spørsmål 1: «Er det blitt lagt til rette for verkstedsfasiliteter (undervisningsareal) ved Åsane Vgs for faget VG2 Ventilasjon, membran og takteking?»

Eksisterande vg2-tilbod klima-, energi- og miljøteknikk (KEM) blir delt i vg2 røyr, og vg2 ventilasjon, membran og takteking frå hausten 2021. Åsane vidaregåande skule er detaljert gjennom vedtak i skulebruksplanen til å tilby vg2 røyr. Det er bygd verkstader som dekkjer dette behovet. Dersom skulen skal ha verkstad for vg2 ventilasjon, membran og takteking vil det krevje tilpassingar av verkstader og investeringar i utstyr.

Saka om opplæringstilbodet for 2021/22 skal handsamast av hovudutvalet 25.11.2020. I denne saka vert opplæringstilbodet vurdert som ein heilskap. Behova i næringslivet, og elevane sine ønskjer er med i desse vurderingane. Det er naturleg å sjå på tilrettelegging for eit eventuelt tilbod innan vg2 ventilasjon, membran og takteking etter at opplæringstilbodet er vedteke.

Spørsmål 2: «Er midler til maskiner og utstyr avsatt i budsjettet for 2021? Hva må på plass nå i inneværende år?»

Budsjettet for 2021 er under utarbeiding. Detaljering av investeringsbudsjettet vil ikkje skje før opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 er vedteke og budsjettet er vedteke i fylkestinget i desember. Det vert normalt sett av midlar til utstyr på nye linjar/tilbod og 2021 må ein særskilt vurdere trongen for utstyr ved dei nye/endra vg2 tilboda innanfor yrkesfaga.

Spørsmål 3: Hvilken markedsføring legger en opp til for å fremme linjen til oppstart 2021 på Åsane Vgs?

Dersom det vert oppretta vg2 ventilasjon, membran og takteking ved Åsane vgs vil tilbodet verte marknadsført saman med dei andre vg2 tilboda som skulen tilbyr.

Spørsmål 4: «Hvilken dialog har det vært med opplæringskontoret for Ventilasjon, membran og takteking for tilrettelegging til faget for oppstart høst 2021?»

Som ein del av grunnlaget til sak om opplæringstilbod for skuleåret 2021/22 inviterte fylkesdirektøren alle opplæringskontor til digitale møter torsdag 1.10 og fredag 2.10. Bakgrunnen for møta var ein orientering om ny inntaksmodell og gjennomgang av elevtal i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma 2020/21. Dette blei sett opp mot tal ungdomar utan tilbod om læreplass og gjennomføringsgrad i utdanningsprogramma.

Opplæringskontora blei inviterte til å sende skriftleg tilbakemelding på dimensjonering av opplæringstilbodet innan gitt frist. Blikkenslagmestrenes opplæringskontor leverte 7.10 tilbakemelding, og viser m.a. til udekt kompetansebehov i eigen bransje. Dei gir vidare uttrykk for at det nye tilbodet vg2 ventilasjon, membran og takteking krev plass, utstyr, maskiner og lærekrefter. Vidare viser dei til ein usikkerheit om skulane ønskjer å marknadsføre vg2-tilbodet. Opplæringskontoret ønskjer at vg2 ventilasjon, membran og takteking blir oppretta for skuleåret 2021/22.